



Kvam herad  
Grovagjelet 16  
5600 Norheimsund  
[postmottak@kvam.kommune.no](mailto:postmottak@kvam.kommune.no)

Frå Naturvernforbundet i Kvam  
Porsmyrvegen 134  
5610 Øystese

Soldal 16. sept. 2015

## **Uttale til framlegg til reguleringsplan for Gråsteindalen og Tryglakleiv på Kvamskogen**

Me viser til at høyringsfristen er utsett 25. sept, jfr epost frå Trond Inge Brakestad i heradet til Oddvar Soldal, Naturvernforbundet i Kvam.

Naturvernforbundet i Kvam har tidlegare kome med fråsegn til framlegg til reguleringsplan for Longelia. Planane for Gråsteindalen og Tryglekleiv som også er utarbeidde av Geoplan, er i prinsippet like. Dei fører til i sterke endring av landskapet og ei urbanisering på grunn av fleire og større hytter inkludert garasjar og uthus og sterke utbygging av bilvegar der ein del også skal brøyta.

**Naturvernforbundet i Kvam meiner at fortetting i eksisterande hytteområde er ei betre løysing enn å ta i bruk område som er urørt av utbygging. Kommunedelplanen for Kvamskogen 2010 – 2020, vedteken 6. sept. 2011, må vera retningsgjevande for slike reguleringsplanar. Diverre er ikkje retningslinjene klare nok og serleg når det gjeld storleiken på hytter, oppføring av garasjar/uthus og vegløysingar vert retningslinjene strekt svært langt.**

Naturvernforbundet og Turlaget kom med viktige innspel til arbeidet med kommunedelplanen, serleg når det gjeld å ta vare på viktige naturområde og gje ålmenta og hytteeigarane gode tilhøve for naturopplevelingar og friluftsliv. Dette kjem også fram i ”Mål med føresegner og retningsliner” i kommunedelplanen.

### **Store naturinngrep, sløsing med energi**

Det vert gjeve høve til hytter opp til 225 rutemeter avhengig av tomtestorleik. I det varierte og til dels bratte terrenget vil det føra til store inngrep i naturen. Inngrepa vert forsterka ved vegane fram til hyttene. Naturvernforbundet meiner desse løysingane gårt langt ut over ”forsiktig” fortetting slik det vert sagt i føremålet til planane.

Naturvernforbundet meiner også at store hytter brukar svært mykje energi i høve til bruken. Me vil oppmoda om at det vert sett ei grense på under 100 kvadratmeter for kvar hytte.

### **Krav om rekkjefylgje i utbygginga**

I samband med framlegg til reguleringsplan for Longelia vil me peika på at kommunedelplanen set rekkjefylgjekrav i paragraf 3 Felles føresegn, punkt c og d. Det er eit krav at det skal regulerast og opparbeidast gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar før det kan gjennomførast vidare utbygging. Naturvernforbundet meiner at krava i punkt c og d må gjelda for utbyggingsplanane på Kvamskogen.

Naturvernforbundet ser gjerne at reguleringsplanen hadde opna opp for ein meir moderne hytteregulering med mykje mindre hytter og der enkelte område ikkje vart nedbygd og andre gjerne tettare utbygd. Små og litt større «naturlommer» med sine særegne fauna og biomangfald vil i ettertid ha stor verdi og vitnar ofte om ei gjennomtenkt areal vurdering. Me vil serleg peika på at dei viktige myrområda må ha store randsoner utan utbygging. Om vinteren kan slike område vera gode skileikområde nær hyttene.

Planane er for sterkt prega av eit ynskje om fortetting og liknar til forveksling eit vanlig byggjefelt. Moderne hyttebygging skapar store sår i landskapet med sine svære masseflyttingar. Det er liten tvil om at planen som vert presentert, vil endra landskapet i Gråsteindalen og Tryglakleiv i stor grad.

Naturvernforbundet i Kvam  
v Klaus Rasmussen

Kopi til :  
Heradsstyrerepr i Kvam  
Fylkesmannen i Hordaland, [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)  
Naturvernforbundet i Hordaland, [hordaland@naturvern.no](mailto:hordaland@naturvern.no)  
Hordaland folkeblad, [redaksjon@hf.no](mailto:redaksjon@hf.no)